



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

September 2017

60. årgang



Når det er born i kyrkja, pleier Jens prest å ta ein kort tekstgjennomgang for dei. Her frå Mjømna kyrkje.

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@eninvest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Iddi Glenjen. Tlf. 90711923.
eglenjen@online.no

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@eninvest.net,


Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

Redaksjonen

Neste nummer av bladet, kjem til jul. Frist for innlevering av stoff: **15. november.**



Leirar på Alværa:

30.september-1. oktober: Knøtteleir
0-10 år med følgje.

0-2 år: gratis. 3-10 år: 300 kr. Vaksne: 600 kr.


9.-11. september: Haustleir

2.-6.-klassingar. Pris: 700 kr.

27.-29.oktober: Musikkmedialeir

Sjå meir informasjon på nmsu.no.

Påmelding: www.nmsu.no. Følg oss òg gjerne på Facebook.



Ungdomsklubben Solution Hyllestad inviterer til

BaseCamp 2017, 6.-8. oktober

Målgruppe: 13–18 år og oppover.

Påmelding skjer via Facebook.

Søk opp BaseCamp Hyllestad og finn opplysningar og påmeldingsskjema der. *Bli med du også!*

Nåden åleine



Vi feirar dette året 500-årsjubileum for den lutherske reformasjonen. I samband med det skal det i alle kyrkjene i Noreg haldast fire tema-gudstenester i løpet av hausten. Temaene er: *Nåden åleine* (27.08), *Skaparverket er ikkje til sals* (17.09.), *Frelsa er ikkje til sals* (15/10), og *Menneske er ikkje til sals* (19.11). Slik vert det også i Gulen. Martin Luthers store oppdaging var at vi blir frelste og får del i Guds rike av berre nåde, nåde som betyr gratis! Ingen kan kjøpe seg til frelse, ingen vert frelste ved å gjere det så godt ein kan! Frelsa er ei Guds gåve som vert gjeven til oss utan vederlag. Den kan ikkje kjøpast med botsgjerningar. Luthers store kamp var tankane om kva tid ein har gjort tilstrekkeleg med botsgjerningar for å oppnå frelsa, inntil han oppdaga at vi vert frelste og rettferdigjorte ved tru åleine. Det gav han fridom! Preiketeksten til *Nåden åleine* er Efs. 2,1–10, og der står det m.a.: *For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.*

Trua er som ei open hand som tek imot gåva frå Gud. Det gjev grunn til takk og lovprising at Gud elsker oss så høgt at Han i Jesus Kristus, vår frelsar, gjev oss alt av nåde! Det ligg djupt i menneskesjela at me vil gjere oss fortente til å ta imot ei gåve. Når nokon gjer ei teneste for oss, spør vi ofte: «Kva skal du har for det?»

Evangeliets mektige budskap er at Gud ikkje skal ha noko for det! Frelsa er ikkje til sals, den kan ikkje kjøpast med gode gjerningar, men berre gjevast oss frå Gud som ei gåve. At frelsa er gitt oss av nåde åleine, set oss fri til å tene våre medmenneske med Guds kjærleik.

Vi tener ikkje av tvang av di vi skal oppnå noko hjå Gud og kjøpe oss til ein plass i himmelen.

Men vi tener våre medmenneske i fridom av di Gud elsker oss vederlagsfritt, og Han let sin kjærleik strøyme gjennom oss.

Lat oss difor samlast i kyrkja til lovprising av Guds store gåve: Jesus Kristus som frelser oss av nåde åleine, og som tek oss imot utan å krevje noka form for betaling! Jesus tek imot oss slik vi er, og seier: Velkommen heim, mitt barn!

Jens Linde





Kyrkjelydskveldar på Byrknes: Samtalar om tru og tvil

Gjennom hausten og våren inviterer Mjømna sokneråd til seks samtalekveldar på Byrknes bedehus om tru og tvil. Me tek til med eit kveldsmåltid. Etterpå vil sokneprest Jens Linde innleie til samtalar om kveldens tema. Ein kan stille spørsmål og kome med motførestillingar, og ein treng ikkje tru på noko som helst for å delta. Ramma for kveldane er to timar. Vi håpar folk frå heile Gulen kan tenkje seg å vere med på desse kveldane.

Programmet for samtalekveldane på Byrknes bedehus:

14. september kl. 19.00: Kva skal vi tru på? – Kva trur vi på?

19. oktober kl. 19.00: Er Jesus noko for dagens moderne menneske? – Vil Jesus meg noko?

9. november kl. 19.00: Meir enn ei vanleg bok? – Er ikkje Bibelen gammaldags og avleggs?

18. januar kl. 19.00: Er det nokon som bryr seg? – Om fellesskapet!


15. februar kl. 19.00: Ærleg talt, Gud! – Eg forstår ikkje alt som skjer i verda!

8. mars kl. 19.00: Heilt konge! – Kva skal fylle og styre livet?

Det handlar om å pusse arvesølvet

8. august 2017 fekk eg vere med på ei storhending i Gulen kyrkje i Eivindvik:

Sigrid Moldestad med band heldt konsert med nynorske salmar.



B. J. Cole

Og folka i bandet var ikkje kven som helst: Mest merittert er nok engelskmannen B.J. Cole på pedalsteel. I tillegg til å ha gitt ut fleire plater på eiga hand, har han delteke på plateprosjekt med artistar som Elton John, Uriah Heep, Björk og Sting.

Men Sigbjørn Apeland, som har spelt mellom anna på trøorgel saman med Sigrid i mange år, og Kåre Opheim, som spelte på trommer, er også svært fine musikarar. Til saman skapte dei ei musikalsk oppleving som nok vil verte hugsa lenge hos dei som var til stades. Og det dei framførte, var (med

eitt høgst heiderleg unntak) henta frå den nynorske salmeskatten vår. Nye salmar vart framførte saman med salmar skrivne av dei store klassiske nynorske salmediktarane våre, som Anders Hovden og Elias Blix.



Sigbjørn Apeland på trøorgel

Melodiane til nokre av salmane var komponerte til den aktuelle salmen, medan andre var norske folketonar. Og jamen santen hadde det også snike seg inn ein irsk melodi og ein munter dansemelodi frå Tyskland. (*Ja, tonen til Fagert er landet er høgst sannsynleg ein sokalla gaillard, ein spretten dans som var mykje populær i Europa på 1500- og tidleg på 1600-talet. Nynn melodien i dobbelt tempo og med litt rytme, så merkar du fort danserytmen i melodien.*)

At desse nynorske salmane har hatt og framleis har eit godt grep om hjarterøtene til folk, fekk ein eit godt døme på ved avslutninga av konserten, då alle i kyrkja stod og song saman «Fager kveldssol smiler», utanboks, og med alle versa.

I tillegg til å framføre salmane på ein framifrå måte, ga Sigrid oss ei lita innføring i den nynorske salmetradisjonen. Ho nemnde mellom anna fyrste gongen ein salme vart sunge på nynorsk i ei kyrkje – og det endå uløyves. Dette skjedde i Lårdal i Telemark i 1864, på fyrste juledag. Og songen som vart framført den gongen, var «No koma Guds englar». Snakk om protestvise ...



Sigrid Moldestad i samspel med Kåre Opheim

Forteljinga om julesalmen fekk meg til å tenkje på juletradisjonane i heimen vår. Av ein eller annan grunn er det underteikna som har fått ansvar for å pusse sølvtøy, samt lysestakar og anna nips av messing og kopar, til jul. Det er ei keisam oppgåve, men særleg rike på den slags jordisk gods er vi ikkje, så oppgåva er overkommeleg. Og eg får løn for strevet, både medan eg driv på med pussinga og etterpå, når jobben er gjort. Eg får tid til å sjå på kor fine og forseggjorte dei er, nokre av desse tinga som vi elles i året knapt vører eit blick – og lysestakane som vi så altfor ofte sølar stearin på,

eg får tid til å tenkje på ulike historier knytte til dei ulike gjenstandane, historier som høyrer familien min til. Og når dei er ferdig pussa, står dei der og blenkjer og gjer stova ekstra julefin.

Eg synest det Sigrid Moldestad har gjort med dei nynorske salmane, er noko av det same. Ho har teke dei fram, ein etter ein, og gitt dei ein kjærleg omgang med musikalsk polering. Så har ho lyfta dei fram for oss andre, slik at vi kan sitje der og nyte resultatet, og glede oss over at vi har slike skattar i vår eigen kultur. I ei tid der folk er så uroa over korleis det skal gå med kulturen vår, står Sigrid Moldestad fram med botevon for den uroen: Ta fram det vi har av kulturell ballast, og ta ballasten i bruk! Så kan vi glede oss over at noko av den ballasten kjem andre stader frå, slik den irske og tyske melodien var to framifrå døme på. Tusen takk skal du ha, Sigrid. Du gjer ein viktig jobb.

Tekst og foto: Rune Garmann

Ned i vester soli glader

Ein av kveldssalmane vi fekk høyre på konserten med Sigrid Moldestad, var «Ned i vester soli glader», med tekst av Anders Hovden:

*Ned i vester soli glader.
Takk for dagen, Gud og Fader,
gjev oss vern til natti no!
Takk for mat og takk for klede,
takk for arbeidskraft og glede,
/: gjev oss hjartefred og ro.:/*

*Gud og Fader, lat oss sova
under englevakt i stova,
ver vår sol om natti, du!
Når så siste dagen dalar,
lyft oss opp i dine salar,
/: lei oss over stjernebru!:/*

Anders Hovden var fleire gonger i Gulen medan sonen Øystein Hovden var sokneprest (1927-1937).



Dette fotoet er frå 1933. Familien er samla i hagen nedanfor den gamle prestebustaden i Eivindvik. Vi ser Anders Hovden og kona Kari saman med prestefolket Øystein og Astrid Hovden, og to av barna deira, Kari og Edgar. Kanskje er det nettopp ein slik solnedgang som har inspirert Anders Hovden til å skrive den vakre kveldssalmen?



Solnedgang ved Sollibotn, Eivindvik

Glimt frå kyrkjelyds- turen til Hyllestad

Mange frå Brekke (og nokre frå Gulen sokn) tok turen til Hyllestad kyrkje 20. august for å delta på gudstenesta og få høyre om det arbeidet som har vore gjort med å endre kyrkja innvendig.



Det er svært store endringar som er gjorde i Hyllestad kyrkje: Dei har skifta ut benkane med stolar, lagt nytt golv, teke ut preikestolen, og gjort fleire endringar i koret.



Der preikestolen stod før, er det no ei stor «salmetafle» som dei viser tekst og bilete på; både gangen i gudstenesta, bilete som understrekar bodskapen, songane og salmane, osv. I koret har dei teke vekk «rekkverket» som stengde koret frå resten av

kyrkja, og opna opp slik at koret også kan brukast meir som ei scene ved framføring av musikk, liturgisk dans eller anna som høver i trusopplæringa. Dei har òg sett inn eit altar som presten kan stå bak, slik at han ser mot folket.

Altarringen er fjerna, men eit flyttbart knefall kan brukast ved behov. Jostein Ryland, soknerådsleiar i Hyllestad og dognadsansvarleg for prosjektet, informerte godt om både målsettinga for arbeidet, og om prosessen dei har vore gjennom. Dei meiner dei allereie har hausta gode frukter av omlegginga, ved at kyrkja er meir brukarvenleg, og ikkje minst ved at ho er meir i bruk for born og unge, og at dei likar å vere der.



Hyllestad sokneråd stilte med god kyrkjekaffi, og vi fekk god tid til å prate og stille spørsmål.

Heile soknerådet i Brekke var med, og mange fleire i tillegg. Det er viktig, fordi eventuelle prosessar som tek sikte på endring i eit bygg som betyr så mykje for mange, både som kulturbygg og som arena for store personlege hendingar, må forankrast godt.

Lovsingskveld i Hyllestad kyrkje

12. november blir det lovsingskveld i Hyllestad kyrkje. Det blir kalla Gaither-lovsong, og får svært god omtale.

Ønskjer du å oppleve frisk og svingande lovsong, så ta turen dit!

www.hyllestad.kyrkja.no

www.gaither.com

Gulatingsseminar 2017

15. august var det Gulatingsseminar. Temaet for seminaret var «Forvaltning og formidling av freda kulturminne».

Etter seminaret var det ei offisiell markering ved Olavskrossen, m.a. med prolog ved Magnor Midtun og snorklipping ved riksantikvaren, for å markere at krossen no er tilbake på plassen sin ved kyrkjeporten.



Dagleg leiara for Gulatinget, Anne Hopland, og ordførar Hallvard Oppedal

Etterpå var det ein fin konsert i Gulen kyrkje ved Karl Seglem og Christine Marøy. Arrangør var Gulatinget, tusenårsstad for Sogn og Fjordane.



Gulenstemne på Byrknes bedehus

Kvar haust, siste helga i august, er det Gulenstemne i Sogn Indremisjon.

I år var stemna på Byrknes bedehus, i godt samarbeid med kyrkja, slik det er gjort dei seinare åra. Vi starta med gudsteneste, så var det kyrkjemiddag, og deretter møte. Og til sist: Ein er ikkje på Byrknes bedehus utan at det er masse gode kaker!



I år var koret «Hatikva» frå Nordhordland med. Dei framførte flott song, både i gudstenesta og på ettermiddagen.



Jens Linde leia gudstenesta, medan Gudmund Furnes heldt talen.

Teksten var om at alt er av nåde, og heile gudstenesta med tekstar og salmeval var ein del av feiringa av Lutherjubileet.

Olav Eikemo heldt talen på møtet. Det kom inn kr. 6.620,00 i kollekt til Sogn Indremisjon.

Gudmund Furnes, som er styreleiar i Sogn Indremisjon, kunne fortelje at Sondre Orrestad er tilsett som krinsleiar.

Teksten nedanfor er henta frå bladet «Sambåndet»:

Sondre Orrestad er 28 år og oppvaksen på ein gard i Sogndalsdalen, i dalstrøket ned mot Sogndal. Saman med kona Tiril Brude Orrestad, som òg er sogning, har han budd seks år i Bergen og arbeidd som lærar ved Danielsen ungdomsskole, Osterøy.

- Planen har heile tida vore å flytta heim etter at kona mi var ferdig med utdanninga si. Ho fekk jobb først, og eg har heile tida tenkt at det ville ordna seg for meg òg.

Me har brukt mykje tid i bøn til Gud om korleis han ville bruka oss i dette området, og når eg får kallsbrev frå indremisjonen, må eg kunne sjå på denne jobben som eit kall, seier Orrestad til *sambandet.no*.

Han trur ikkje det at han er ung, vil vera noko hinder i jobben som krinssekretær. – Mange av dei eg kjem til å samarbeida med, vil vera eldre, og eg kan lytta til og læra av dei.

Samstundes kan eg koma med nye tankar, peikar Orrestad på.

Indremisjonen er for alle, og det er bra at det kjem unge til, seier Orrestad.



Stor takk frå tre 70-åringar

Laurdag 5. august feira tre gode naboar 70-årsdagar i Grendahuset i Bålen: Astrid Breidvik, Elly Brosvik og Hildegunn Rutledal bad inn til felles feiring. Og ein fin gjeng blei me, god miks av slekt og vener frå aust, vest, nord og sør!

No vil me takke alle som kom.

Takke for at de deltok så aktivt, med underhaldning, talar, song og godt humør! Takk for alle gåver og blommar som strøymde på, mykje meir enn me hadde førestilt oss!

Og ikkje minst takk til Janne og Anja som hadde full kontroll på kjøkkenet! Det blei ei uforgløyemeleg oppleving for oss, eit godt minne å tenke tilbake på. Tusen takk skal de ha!

Astrid, Elly og Hildegunn



Takk

Takk for deltaking og helsingar i samband med Lilly Elnes si gravferd. Takk for pengegåver til avdelinga «Diamanten» ved Gulen sjukeheim. Den var på kr. 9200,-. Like eins takkar vi dei tilsette på same avdeling for god omsorg i tida ho budde der.

Karstein, Øyvind og Roar m. familiar

Takk

Takk for omtanke og helsingar i samband med gravferda til Svanhild Halland.

Takk også til tilsette på langtidsavdelinga for pleie og omsorg.

Håkon, Helge og Heidi med fam.

Takk!

Vi ynskjer å takke for all omtanke og helsingar i samband med gravferda til Gudrun Liv Byrknes.

Vi takkar også dei tilsette ved Byrknes bu- og omsorgssenter for god pleie og omsorg!

Familien

Hjarteleg takk

til alle som var med i Jon Sætre sin begravelse.

Takk for blomsterhelsingane og varme tankar.

Takk for pengegåve til MS-forbundet. Takk til sokneprest Jens Linde for fine ord og fin song.

Åshild, Jarle, Wenche og Annie med familiar

Takk

Takk til alle som følgde mor mi, Inga Alida Tveit, til grava. Takk for kransar og blomsterhelsingar. Takk til personalet ved Eivindvik bu-og omsorgssenter for god pleie. Takk for fin pynting i kyrkja til Solgul Blomst.

Helsing Kåre Johan Tveit m. fam

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

MJØMNA SOKN:

06.08.17: Imre Holvik Westervik.
For.: Carolyn og Thor Øystein Westervik.

Vigde:

BREKKE SOKN:

01.07.17: Annie Sætre og Simon Kjærgaard.

05.08.17: Silje Helene Winther og Eirik Magnar Høydal.

GULEN SOKN:

01.07.17: Anne-Marie Andresen Revheim og Asbjørn Refsdal.
08.07.17: Anne Britt Molde og Rune Østerbø.

05.08.17: Agnete Vold og Sten-Ivar Unosen Birkeland. Vigde på Skjerjehamn.

MJØMNA SOKN:

26.08.17: Randi Vatnøy og Jan Ove Hansen. Vigde på Skjerjehamn.

Døde:

GULEN SOKN:

07.06.17: Olav Martin Molland, f. 1944. Gravlagd på Frøyset.
13.07.17: Lilly Margrethe Elnes, f. 1928.

19.07.17: Håkon Brosvik, f. 1938.

16.08.17: Brigte Nerdal, f. 1938.

23.08.17: Gudrun Halsvik, f. 1928.

BREKKE SOKN:

20.06.17: Inge Håkon Walaker, f. 1933.

18.07.17: Jon Sætre, f. 1948.

MJØMNA SOKN:

22.07.17: Gudrun Liv Byrknes, f. 1929.



KYRKJEKALENDEREN

NB! Det kan bli endringar i gudstenestelista. Sjå i lokalavisene, på oppslag, på nett-sidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

10.09., 14. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmantpresentasjon. Dåp. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

17.09., 15. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmantpresentasjon. Dåp. 4-års- og 6-årsbok. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

24.09., 16. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Misjonærprosjektet i Mali.

01.10., 17. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. 4-års- og 6-årsbok. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Sprell levande/ Søndagsskulen.

08.10., 18. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Tone Marit
Dyrkolbotn. Dåp. Nattverd.
KOR-MIX frå Åsane deltek. Takkoffer:
Alværa misjonssenter.

15.10., 19. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
4-års- og 6-årsbok. Nattverd. Takkoffer:
Kyrkjelydsarbeidet.

22.10., 20. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Dåp. Nattverd. Takkoffer: Misjonær-
prosjektet i Mali.

29.10., Bots- og bøneda
Dalsøyra samfunnshus kl. 11.00
Familiegudsteneste v/Jens Linde.
Takkoffer: Norsk Lærarakademi.

05.11., Allehelgensdag
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Nattverd. Takkoffer: Kirkens Bymisjon.

05.11., Allehelgensdag
Mjømna kyrkje kl. 16.30 v/Jens Linde.
Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelyds-
arbeidet.

12.11., 23. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Markering av Allehelgensdag. Nattverd.
Takkoffer: Kirkens SOS.

19.11., 24. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn
Magne Hansen. Nattverd. Takkoffer:
Bibelselskapet.

26.11., Domssøndag/Kristi kongedag
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Familiegudsteneste med «Lys vaken».
Nattverd. Takkoffer: IKO.

03.12.: Ikkje gudsteneste i kommunen.

Laurdag 09.12.:
Gulen kyrkje kl. 16.00. Advents-
konsert. Andakt v/Jens Linde.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

10.12., 2. søndag i advent
Risnehall, Brekke, kl. 13.00:
Adventsverkstad.
Kl.15.30: Familiegudsteneste v/Jens
Linde. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

Laurdag 16.12.:
Brekke kyrkje kl. 16.00: Advents-
konsert. Andakt v/Jens Linde.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

17.12., 3. søndag i advent:
Mjømna kyrkje kl. 16.30: Advents-
konsert. Andakt v/Jens Linde.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

24.12., 4. søndag i advent/Julaftan
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.

Brekke kyrkje kl. 14.00 v/Jens Linde.
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.
Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Jens Linde.
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.

25.12., 1. juledag
Gulen kyrkje kl.12.00: Høgtids-
gudsteneste v/Jens Linde. Nattverd.
Takkoffer: Stefanusalliansen.

26.12., 2. juledag
Byrknes bedehusapell kl. 11.00:
Høgtidsgudsteneste v/Jens Linde.
Nattverd. Takkoffer: Stefanusalliansen.

31.12., Nyttårsaftan
Brekke kyrkje kl. 23.00: Midnatts-
gudsteneste v/Jens Linde. Takkoffer:
Redd Barna.
